



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustrilag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2009

Godkjend i årsmøtet 20.4.2010

ÅRSMØTET I 2009

Årsmøtet vart halde hjå hjå HBH Møbler AS, Fotlandsvåg, der me fekk omvising og orientering om verksemda ved Stein Ottar Olsen. Prosjektleiaren i Statens vegvesen for bygging av ny veg Hauge - Lonevåg, Tor Arne Thorsen, orienterte og svare på spørsmål. Me fekk og møte Osterøy sin nye rådmann, Odd Ivar Øvregård,

MEDLEMSMØTE

Me hadde medlemsmøte tysdag 16.6.2009 kl 19.00 hjå Lonevåg Beslagfabrikk AS, avdeling Holmen i Fotlandsvåg og fekk omvising i fabrikk.

Fiberbasert breibandtilbod: Nettstar AS har kjøpt/ overteke Osterøy kommune sitt fibernett på Osterøy og **Gunvald Kleiveland** frå Nettstar AS orienterte om vidare utbygging av breibandtilbodet.

Me drøfta også innspel til **handlingssprogrammet for fylkesvegane 2010-19** (alle riksvegar på Osterøy er fylkesvegar frå 2010).

STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte; 16.6.09, 1.9.09 og 20.4.10 (før årsmøtet) og har handsama 16 saker i kalenderåret 2009 og 5 saker i 2010 før årsmøtet. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

SAKER

Realisering av ny rv 567 mellom Hauge og Lonevåg har vore viktig sak for laget lenge. Og endeleg starta anleggsarbeida opp hausten 2009 med danske Phil & Søn som kontraktspartnar og deira islandske Istak som utførande entreprenør.

Laget har arbeidd for å nytte stein-/tunnelmassar til **vegomlegging på fv 567 på Bysheim** (gjere 180-graderssving til 90-graderssving med redusert stigning). Kompensasjonsstyret bidreg med 0,5 mill kr, som har vore medverkande til at prosjektet no vert gjennomført. Arbeidet starta opp hausten 2009 med skogrydding og oppfylling frå nyåret 2010. Me har og gjort innspel til utnytting av tunnelmassar for omlegging av **Kårvikskiftet** slik at store køyretøy til og frå Borge Garveri AS også skal kunne få nytte nyevegen Hauge – Lonevåg. Rådmannen arbeider med saka.

Laget har arbeidd aktivt for fleire **vegutbetringar på rv 567 mellom Hosanger og Gatland**. Kompensasjonsstyret løyvde 1,5 mill kr og Statens vegvesen gjekk inn med minst like mykje for utbetringar i Hosanger frå Skålvika og fleire parti i Prestemarka. Arbeidet vart fullført hausten 2009 med flott resultat.

I mai 2009 gjennomførte Osterøy Industrilag ei **trafikkartlegging** mellom verksemdar som ligg ved/ nyttar rv 567 mellom Lonevåg og Tysse med Hosanger som "teljepunkt".

Dei **12 verksemdene** som deltok har til saman **200 tilsette** (185 i industrien). hadde ei **årsomsetning i 2008 på 380 mill kr** (360 mill kr i industrien), og stod for følgjande **tal passeringar* i**

Hosanger ein vanleg kvardag:

Personbilar:	310
Varebilar:	45
Tyngre køyretøy:	45
Sum:	400

*Fram og tilbake gjennom Hosanger ein dag tel som 2 passeringar.

Osterøy Industrilag har lenge hatt **god veg frå bru til bru som strategi**. Me vart difor svært overraska og skuffa då Osterøy heradsstyre utan

varsel/ høyring våren 2009 gjorde om Osterøy kommune si **prioritering av fylkesveg**ar frå ny veg Tysse - Kallestadsundet bru på topp til ny veg Kvisti - Bruvik på topp.

Den 7.9.09 sende me følgjande innspel til fylkesvegplanarbeidet:

Arnatunnelen vil vere svært nyttig for Osterøynæringslivet, Osterøysamfunnet og for vidare utvikling av næringsliv på Osterøy. Osterøy Industrilag meiner dette vegprosjektet må realiserast snarast. Me aksepterer at dette i stor grad vil måtte skje med bompengar.

Investeringsprogrammet og «8.6.6 Mindre utbetringar»:

Prioriteringar på Osterøy:

Riksveg 567 **Hosanger sentrum.**

Rv 566 **Vesethgjelet** (frå krysset i Ambogen i Mjeldalen til krysset på Rolland der Hannisdalsvegen startar)

Rv 567 **Bysheim**

Ny veg mellom **Tysse og Kallestadsund-brua** (i Vaksdal kommune)

Fylkestinget vedtok 9.12.09 fylkesrådmannen sitt framlegg til fylkesvegplan med 3 tillegg, m.a.:

"Fylkesrådmannen vert beden om å ha tett dialog med Osterøy kommune, for å sikra at fristar som er viktige for å realisera Hosangerprosjektet vert ivarettatt."

I fylkesrådmannen sitt framlegg står (forutan Hauge-Lonevåg og Valestrand/Bullabrekka):

"Osterøy kommune

Dersom omlegging av vegen i Hosanger sentrum ikkje finn plass innanfor sekkepostane i 2010-13, er den svært aktuell i perioden 2014-19.

Omlegging av vegen i Vesethgjelet vil kunne bli aktuell i samband med kommunale ledningsarbeid.

Bruvikvegen er eit svært omfattande prosjekt, men det kan bli aktuell for parsellvis utbygging i perioden. Nytt vegsamband frå Tysse til Kallestad i Vaksdal er eit svært kostbart prosjekt og er ikkje lenger prioritert i Osterøy kommune."

Osterøy kommune har engasjert seg for å få til eit **større næringsområde på Epevoll**. Osterøy Industrilag har støtta oppunder dette. Ein av våre medlemmer, Osterøy Entreprenør AS, har engasjert seg i tiltaket og har inngått avtale med dei 3 grunneigarane, er i ferd med å starte områderegulering i samarbeid med Osterøy kommune og har starta marknadsføring av

området; sjå www.espevoll.no Det vert arbeid for å få til eit spleiselag for utbetring av vegen i Vesethgjelet og legging av vass- og kloakkleidningar for forsyning av næringsområdet.

Det er uheldig at **rulleringa av kommuneplanen** tek lang tid. Det er no gått 2,5 år sidan innmeldingsfristen for framlegg gjekk ut hausten 2007 utan at ny plan er fremja. Fleire av våre medlemmer har meldt inn arealtrøng. At prosessen tek lang tid, er hemmande for næringsutvikling.

Breibandutbygging

Det er førebels berre ei bedrift som er blitt direkte tilkoppa fiberen som Nettstar fekk overta frå Osterøy kommune. Ei bedrift har fått tilbod om å leige fiber mellom sine 2 avdelingar. Nettstar vil i løpet av sommaren 2010 installere elektronikk i fleire sentralar slik at dei raskt kan levere fiber til bedrifter og levere betre tilbod til private via kopartråd og radio.

Laget har vore aktivt engasjert for å **få bygt ny vidaregåande skule på Osterøy** og for oppbygging av **Kompetansesenteret for CNC og robot ved skulen**. Byggjearstart var i januar 2009 og Kompetansesenteret vart formelt etablert som ei avdeling ved skulen 1.1.2009. Laget er representert i rådet for Kompetansesenteret; Leif Tore Solberg er leiar med Eimund Øvsthus som vara, Lars Mjøs er rådsmedlem med Lars Magne Bysheim som vara. Hordaland fylke byggjer ein verkstadhall på 800 kvm for å få plass til også Kompetansesenteret. For å dekke den ordinære undervisninga, ville det vore nok med 300 kvm. Kompensasjonsstyret har løyvd resterande Osterøy Utvikling-midlar og resterande kompensasjonsmidlar til andre føremål enn infrastruktur til Kompetansesenteret, ca 1,8 mill kr. Både bedrifter, fylkeskommunen, NAV m.fl. har så langt skaffa verdiar/finansiering for ca 12 mill kr til Kompetansesenteret for CNC og robot. I tillegg kjem sjølve verkstadhallen som fylkeskommunen byggjer. Nybygget og Kompetansesenteret er eit resultat av eit svært godt og aktivt samarbeid mellom mange partar. Innflytting vert til skulestart hausten 2010.

Osterøy Industrilag er koordinator for CNC and Robotics Partnerships, CaRPs.

Dette er eit samarbeid mellom 11 partnarar i 5 europeiske land. Frå Norge/Osterøy deltek også Mjøs Metallvarefabrikk AS og kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Partnerskapen er finansiert med reisepengar frå EU/ Leonardo da Vinci-programmet, ca 1 mill kr,

og med tilskott på kr 400.000 frå Hordaland fylkeskommune til koordineringsoppgåva.

Her er partnerskapen si heimeside:

<http://www.rup.no/vision/vision1.aspx?hierarchyid=1161&type=5>

Den 16.9.09 skipa **samarbeidsutvalet for Osterfjordregionen/ Høgskolen i Bergen** til seminar på Osterøykroa med tema «**Teknologiledelse i Osterfjordregionen og Sotra**». Først var det omvising ved Borge Garveri AS. Fleire av våre medlemsbedrifter hadde gode innlegg på seminaret. Samarbeidsutvalet har arbeidd for å få studentar ved **Høgskolen i Bergen** til å gjennomføre **hovudoppgåver for bedriftene**. Høgskulen har lyst ut ein **premie på kr 10.000** til den beste besvarelsen med tema /oppgåve knytt til Osterfjordregionen. Responsen har ikkje vore stor, men nokre prosjekt er på gang. Samarbeidsutvalet førebur søknad til det nye **regionale forskingsfondet for Vestlandet** der teknologileiing og CNC og robot er mellom aktuelle tema.

Laget har tidlegare gjort innspel til **Skyss** med oppmoding om å opprette **ekspressbussrute** mellom Arna stasjon og Lonevåg. Dette er m.a. viktig for å skaffe rekruttering til Osterøy vidaregåande skule. Skyss har no vald å lyse ut busskøyninga på Osterøy på anbod utan endringar av ruteopplegget, men vil truleg i 2011 foreta nokre omleggingar og vil då vere interesserte i dialog med lokale partar.

Mange av **medlemsbedriftene** har fått merke verknadene av finansuroen som kom hausten 2008. Dette har ført til redusert aktivitet for fleire bedrifter, særleg dei som er avhengige av byggjemarknaden og forbrukarmarknaden. Fleire av medlemmene har difor redusert arbeidsstokken. For nokre har situasjonen betra seg, for andre er verknadene kome noko seinare. Ein av våre medlemsbedrifter måtte slå seg konkurs, men heldigvis er verksemda vidareført i eit nytt selskap.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsssamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 200.000 kr for dette i 2009. I 2009 fekk Osterfjordregionen også til rådvelde via fylkeskommunen 510.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Industrikonsulenten har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsssamarbeid 2005-2010. Industrikonsulenten fekk i 2009 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsssamarbeid på kr 35.000 for næringsutviklingsarbeid og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsgruppa for Næringsalliansen.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonester**. Nye tilbod vert innhenta på forsommaren 2010.

Heimesida www.osteroyindustrilag.no, har hatt eit enkelt design. Industrilaget og Industrikonsulenten utviklar no eit felles heimesidedesign og vil bruke heimesidene meir aktivt.

Me legg vekt på eit aktivt samspel med **media**. Formannen har vore aktivt brukt av pressa, også regionalpressa, m.a. i samband med finansuroen/betring av situasjonen.

E-post er viktig kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 20 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Nye medlemmer: Vigdis Hellevang Ide Fix, www.enfixide.no, Solberg Sagbruk, www.solbergsagbruk.no og Nordea.

Industrilaget har **38 medlemsverksemdar** med ca **775 tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val

Eimund Øvsthus, på val

Tor Georg Hella, på val

Kjell Lerøy, ikkje på val

Vigdis Hellevang, ikkje på val

Varamedlemmer:

Ivar Solberg, på val

Johan Solberg, på val

Trude Jacobsen, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Willy Helgesen med Jorunn Jacobsen som personleg vara, på val

Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som personleg varamedlem, ikkje på val

Ordføraren i Osterøy

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, alle på val: Jørn Jacobsen (leiar) .

Monica Solberg og Arne Hansen.